

**Notat**

Dato: 10.12.2018  
Arkivsak: 2016/35026-21  
Saksbehandlar: benutne

---

Til: Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

**Svar på spørsmål frå fylkesutvalet - Kvinnheradpakken**

I fylkesutvalet 06.12.2018 sette Benthe Bondhus fram følgjande oversending i samband med handsaming av sak PS 301/2018:

*Fylkesutvalet ønskjer å undersøkje om Kvinnheradpakken også kan finansiere tiltak i Etne/Stord kommunar, til dømes knytta til miljøgateprosjektet eller utbetring av snøggbåtkaien, og kva konsekvensar dette eventuelt vil få for den vidare prosessen. Fylkesutvalet ber administrasjonen gjere rede for dette, og at fylkestinget får svara som grunnlag for handsaming av saka i fylkestinget.*

Fylkesrådmannen har bede Statens vegvesen svara om kva konsekvensar det vil ha for den vidare prosessen om Kvinnheradpakken også kan finansiere tiltak i Etne/Stord kommunar. Svaret følgjer vedlagt, og fylkesrådmannen viser spesielt til dette:

*Statens vegvesen vil rå frå å gjere vedtak om at Kvinnheradpakken skal finansiere større fylkesvegprosjekt i Etne eller Stord, enn det som er mogleg å setje av i Kvinnheradpakken. Bompengeprojekt som skal til Stortinget må som regel vere fullfinansierte i saka til Stortinget. Eit slikt vedtak kan med andre ord forseinke prosessen med Kvinnheradpakken, inntil dei aktuelle prosjekta er fullfinansiert med andre midlar. Dette kan ta lang tid.*

*Statens vegvesen ser det som enklare og mindre tidkrevjande at ein set av ei mindre ramme som vert øymerka t.d. mindre trafikktryggleik- eller kollektivtiltak på fylkesvegnettet, med nærleik til ferjekaiene i ein eller begge kommunane. Nytteprinsippet må vere oppfylt. Det vil seie at ferjetrafikantane må ha ei nytta av prosjekta som vert prioritert med bompengar. Ved å setje av ei ramme til mindre tiltak, kan ein unngå store konsekvensar for prosessen med Kvinnheradpakken. Dersom Hordaland fylkeskommune kompenserer Kvinnheradpakken med tilsvarande fylkeskommunal løyving, vil pakken truleg kunne sendast til Vegdirektoratet for å forberede stortingsproposisjon med ein gong.*

*Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek ei inntektsdeling utan å kompensere Kvinnheradpakken, vil saka måtte sendast tilbake til Kvinnherad kommune for å avklare kva prosjekt som må kuttast i Kvinnheradpakken. Saka bør og sendast til vedtak i Stord og Etne kommune for å få vedtak om tilslutning til Kvinnheradpakken. Kvinnheradpakken med oppdatert prosjektlister må tilbake i fylkestinget for endeleg vedtak. Dersom behandlinga går greitt i alle kommunar, kan saka kome opp i fylkestinget allereie i mars eller juni 2019. Dersom fylkeskommunen ønskjer å kompensere Kvinnheradpakken vil truleg den beste løysinga vere at Hordaland fylkeskommune kompenserer Etne og Stord kommunar over Investeringsprogrammet for fylkesvegane i Hordaland, og gjer vedtak om Kvinnheradpakken slik den er vedteke i Kvinnherad kommune. Då kan Statens vegvesen utarbeide forslag til stortingsproposisjon og sende den over til behandling i Samferdselsdepartementet. I tillegg vil ein også stå friare til å prioritere tiltak i kommunane, utan å måtte ta omsyn til nytteprinsippet for ferjetrafikken.*

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar:**

Fylkesrådmannen ser det som uheldig om saka blir utsett. Om det vert vedteke å ta ut midlar frå Kvinnheradpakken til prosjekt i nabokommunane, må ein gå gjennom heile prioriteringslista på nytt. Dette krev også ny handsaming i kommunane og fylkeskommunen.

Prosesen med bompengesøknaden har tatt lang tid, og ein var no komen fram til eit gjennomarbeidd grunnlag. Tiltaka i pakken er under kontinuerleg planleggingsarbeid, og det kjem nye og meir presise opplysningar jamleg.

I dagens pakkar om delvis bompengefinansiering i Hordaland, har det ikkje vore vanleg at nabokommunane har fått tiltak frå pakken, men eitt unntak: Kvammapakken har eit mindre tiltak i Granvin. Til dømes i pakken «Stord vestsida», som blir finansiert frå ferjesambandet Halhjem - Sandvikvåg, går alle pengane til tiltak i Stord og Fitjar kommunar, ingenting til Os.

Dei andre pakkane; Bømlopakken, Askøypakken, Miljøløftet / Bergensprogrammet, Nordhordlandspakken, går tiltaka til prosjekt innfor kommunen/kommunane.

Fylkesrådmannen meiner såleis at Kvinnheradpakken ikkje bør dekke tiltak i Stord kommune. I tillegg kan nemnast at det i Stord vert arbeidd med ein pakke om delvis bompengefinansiering med eit fylkeskommunalt bidrag. Miljøgateplanen er eit prioritert tiltak i Stordpakken.

Når det gjeld Etne er situasjonen annleis. Her er trafikkgrunnlaget så lågt at bomstasjonar på land vanskeleg kan forsvarast, jamfør orientering om kostnader ved bomstasjonar.

Fylkesrådmannen har sett at Etne sine behov for fylkesvegane er store. I saksframlegget til PS110/2018 «Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2010-2029», som også vert lagt fram for fylkestinget 11.-12. desember 2018, skriv fylkesrådmannen mellom anna:

*Fylkesrådmannen registrerar at dei siste åra er det gjennomført forholdsvis få forsterkningstiltak i kommunane Etne og Sveio, sett i forhold til behov og tilstand på vegane. Prioritering av fleire tiltak i desse områda tilrår fylkesrådmannen vert vurdert under forsterkningsprogrammet dei komande åra.*

Dermed ønskjer fylkesrådmannen å prioritera Etne (og Sveio) via dei posten «fornyning og opprustning» i åra som kjem. Det bør arbeidast planmessig i samarbeid med kommunen med å finna dei viktigaste tiltaka. Fylkesrådmannen vil ta initiativ til møte med kommunen tidleg i 2019.

Det kan også nemnast at det er sett av 6 mill kr til Skånevik ferjekai i 2021 i investeringsprogrammet 2019-2029. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette også omfattar snøggåtkaien i Skånevik. Vidare kan nemnast at Etne er ein del av Haugalandspakken, der det no pågår eit arbeid med revisjon.

Statens vegvesen har på oppdrag på Hordaland fylkeskommune sett i gang planarbeid på strekninga Fv 48 Skånevik – Håland. Summen av desse tiltaka vil sannsynlegvis utgjera meir enn halvparten av bompenginntektene på ferjesambandet Utåker – Skånevik over ein 15-årsperiode. Fylkesrådmannen vil komma attende til desse prosjekta når planarbeidet er ferdig, men vil presisera at desse prosjekta vil bli prioritert frå fylkesrådmannen si side.



## Statens vegvesen

### Notat

Til: Samferdselsavdelinga  
Fra: Statens vegvesen Region vest  
Kopi til: Bente Utne

Saksbehandler/telefon:  
<Kaisa Tonheim Banne / 55516273>  
Vår dato: 07.12.2018  
Vår referanse: 18/555756-11

### Svar på oversending frå FU i sak 301/18

Statens vegvesen viser til oversending i sak 301/18 frå Benthe Bondhus

Fylkesutvalet ønskjer å undersøkje om Kvinnheradpakken også kan finansiere tiltak i Etne/Stord kommunar, til dømes knytta til miljøgateprosjektet eller utbetring av snøggåkaiaen, og kva konsekvensar dette eventuelt vil få for den vidare prosessen. Fylkesutvalet ber administrasjonen gjere rede for dette, og at fylkestinget får svara som grunnlag for handsaming av saka i fylkestinget.

Statens vegvesen vil rå frå å gjere vedtak om at Kvinnheradpakken skal finansiere større fylkesvegprosjekt i Etne eller Stord, enn det som er mogleg å setje av i Kvinnheradpakken. Bompengeprojekt som skal til Stortinget må som regel vere fullfinansierte i saka til Stortinget. Eit slikt vedtak kan med andre ord forseinke prosessen med Kvinnheradpakken, inntil dei aktuelle prosjekta er fullfinansiert med andre midlar. Dette kan ta lang tid.

Statens vegvesen ser det som enklare og mindre tidkrevjande at ein set av ei mindre ramme som vert øyremerka t.d. mindre trafikktryggleik- eller kollektivtiltak på fylkesvegnettet, med nærleik til ferjekaiene i ein eller begge kommunane. Nytteprinsippet må vere oppfylt. Det vil seie at ferjetrafikantane må ha ei nytta av prosjekta som vert prioritert med bompengar.

Ved å setje av ei ramme til mindre tiltak, kan ein unngå store konsekvensar for prosessen med Kvinnheradpakken. Dersom Hordaland fylkeskommune kompenserer Kvinnheradpakken med tilsvarende fylkeskommunal løyving, vil pakken truleg kunne sendast til Vegdirektoratet for å forberede stortingsproposisjon med ein gong.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek ei inntektsdeling utan å kompenserer Kvinnheradpakken, vil saka måtte sendast tilbake til Kvinnherad kommune for å avklare kva prosjekt som må kuttast i Kvinnheradpakken. Saka bør og sendast til vedtak i Stord og Etne kommune for å få vedtak om tilslutning til Kvinnheradpakken. Kvinnheradpakken med oppdatert prosjektlister må tilbake i fylkestinget for endeleg vedtak. Dersom behandlinga går greitt i alle kommunar, kan saka kome opp i fylkestinget allereie i mars eller juni 2019. Dersom fylkeskommunen ønskjer å kompensere Kvinnheradpakken vil truleg den beste løysinga vere at Hordaland fylkeskommune kompenserer Etne og Stord kommunar over

Investeringsprogrammet for fylkesvegane i Hordaland, og gjer vedtak om Kvinnheradpakken slik den er vedteke i Kvinnherad kommune. Då kan Statens vegvesen utarbeide forslag til stortingsproposisjon og sende den over til behandling i Samferdselsdepartementet. I tillegg vil ein også stå friare til å prioritere tiltak i kommunane, utan å måtte ta omsyn til nytteprinsippet for ferjetrafikken.